



# Førde kommune

## Reguleringsføresegner - Detaljplan

Plan:  E39 gang-/sykkelveg Kusslid – Moskog	Planid:  <b>143220150002</b>	
	Arkiv nr.:  <b>L12.1502</b>	
Utarbeidd av: Asplan viak	Oppdragsgjever:	Sign.:
Vedtak/Stadfesting: Sak BY-072/16 – 15.12.2016	Dato org. føresegner:  16.06.2016	
	Siste revisjon:  30.11.2016	
Endringar	Dato:	Sign.:
Omarbeidd etter offentlig ettersyn.	30.11.2016	
§§ 1, 2.2, 2.8, 3.2, 4.2, 4.3, 4.5, 4.6, 5.1, 6.2, 6.3, 6.4, 6.5	03.02.2025	Asplan Viak
§§ 2.5, 4.5, 6.1	25.03.2025	Sunnfjord kommune BHO

Saman med plankartet, dagsett 25.03.2025, er desse føresegnene bindande for planområdet i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

### 1. REGULERINGSFØREMÅL, OVERSYN

Areala innanfor plangrensene skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova:

#### §12-5, nr.1 BYGNINGAR OG ANLEGG

Kommunaltekniske anlegg  
Bustad  
Undervisning

#### §12-5, nr.2 SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Køyreveg  
Fortau  
Gang/sykkelveg  
Annan veggrunn, grøntareal  
Kollektivhaldeplass

#### §12-5, nr.5 LNFR-OMRÅDE

Landbruksføresmål

#### §12-6 (jf. §11-8 a- f)

OMSYNSSONER:  
Sikringsone friskt  
Faresone skred  
Bevaring kulturmiljø (H570)

Bandlegging automatisk freda kulturminne (H730)  
Bevaring naturmiljø (H560)  
Høgspenningsanlegg (inkl. Høgspenkablar) (H370)

§12-7 Føresegnområde  
Anleggs- og riggområde

## **2. FELLESFØRESEGNER**

### **2.1 AVGRENSING AV PLANOMRÅDET**

Plangrensene er vist på plankartet. Desse reguleringsføresegnene gjeld for dei areala som ligg innanfor plangrensene. Planen gjeld på bakkenivå.

### **2.2 TERRENGINNGREP, MURAR MV.**

Inngrepa skal utførast slik at det blir gjort minst mogleg skade på terrenget.

Tilpassinga til eksisterande terreng skal gjevast ei god utforming.

Eksisterande vegetasjon, skal takast vare på i størst mogleg grad.

Nye murar skal i størst mogleg grad oppførast som tørrsteinsmurar.

Ein skal søke å unngå inngrep i naturlokalitetar og å unngå felling av store og gamle lauvtre.

### **2.3 TILTAK MOT STØY**

Regelverket sine grenseverdiar for vegtrafikkstøy skal ikkje overskridast som følgje av ny eller omlagd veg. Det skal om naudsynt gjerast tiltak for å oppnå dette, jf. støyrapport Asplan Viak 19. mai 2016. 5 bustadhus skal, i tråd med rapporten, vurderast nærare i samband med vidare prosjektering med tanke på ev. tiltak.

### **2.4 FLEKSIBILITET I PLANEN**

Det kan gjerast mindre endringar i vegtrasear og høgdeplassing av vegar m.m. i samband med detaljprosjektering.

### **2.5 VERN OM MATJORD**

Matjord må fjernast i samband med anleggsarbeid, skal takast vare på, handsamast og nyttast til vekstmedium i landbruk-/matproduksjon innfor planområdet eller andre stader.

### **2.6 OVERVATN**

Dimensjonering av grøfter osv. skal, så langt råd er, byggje på oppdaterte nedbørprognosar der det er teke omsyn til framtidige klimaendringar.

### **2.7 KRAV OM YM-plan**

Det skal i samband med detaljplanlegging av veganlegget utarbeidast Ytre Miljøplan, og i samband med dette, om naudsynt, m.a. gjennomførast botanisk undersøking for å få oversyn over svartelista artar.

### **2.8 GRUNNFORHOLD**

Geotekniske undersøkingar og vurderingar er gjort i planområdet. Informasjon om grunntilhøva og innleiande geotekniske vurderingar kjem fram i «Geoteknisk vurderingsrapport og datarapport, E39 Kusslid – Moskog, GS-veg byggeplan,

datert 16.10.23» og «Geoteknisk datarapport VA-leidning Kusslia – Moskog, datert 15.03.2019». Desse rapportane skal leggest til grunn for vidare arbeid.

### **3. BYGNINGAR OG ANLEGG (§12-5, nr.1)**

#### **3.1 KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG**

I områda kan det plasserast bygningar og anlegg for vassforsyning, avlaup m.m. To av områda (BAA1 og BAA2) i Movika og ved busslomma ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er kombinert føremål landbruk/ byggjeområde. Det kan der plasserast ein bygning med tilhøyrande trafikkareal mm, men det skal takast mest mogleg omsyn til landbruksverdiene. Areal som ikkje trengst til bygningen og tilhøyrande anlegg skal i framtida vere landbruksareal.

Område o\_BVA (aust i planområdet) kan, om det er tenleg, nyttast også for tilkomst til velteplass for tømmer (kjem i LNF-areal).

#### **3.2 UNDERVISNING (BU5)**

Omfattar føremål som er regulert i arealplan-ID: 464720210007, Detaljreguleringsplan for Mo vidaregåande skule.

### **4. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§12-5, nr.2)**

#### **4.1 KØYREVEGAR**

Offentleg køyreveg, o\_SKV

Dette er vegbana inkludert vegskulder.

Felles/privat køyreveg/avkøyrslar.

Dette er vegbana inkludert skulder. Vegane skal byggjast som tilknytning til eksisterande vegar, og skal nyttast som tilkomst til dei eigedomane som har vegrett i desse eksisterande vegane.

#### **4.2 GANG-/ SYKKELVEG o\_SGS**

Dette er offentleg gang-/ sykkelveg. Vegen er køyrbar nokre stader, som tilknytning til eksisterande vegar/ eigedomar, slik det går fram av plankartet. Dette gjeld-dei tre strekningane som er regulerte med min. 4 meter breidde og o\_SGS innanfor omsynssone H570\_1.

Elles er resten av vegen køyrbar som tilkomst landbrukseigedomar dersom det trengst for å avløyse eksisterande tilkomst.

Formålet omfattar også anna offentleg gangareal, m.a. knytt til kollektivhaldeplassar. Det kan byggjast buss-skur og leggjast til rette tiltak for å sikre dei som ventar på bussen.

#### **4.3 AVKØYRSLEREGULERING**

Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar/kryss med offentleg køyreveg E39 eller med offentleg gang-/ sykkelveg (o\_SGS) enn dei som er viste på plankartet. Unnateke frå dette er ev. eksisterande landbruksavkøyrslar som ikkje går fram av kartgrunnlaget/plankartet.

Der planen viser avkøyrslar, markert med avkøyrslar, skal sikta vere minimum i samsvar med *Skal - krav* i N100 kap. 4.1.4. Plassering av avkøyrslar kan i mindre grad justerast for å oppnå dette.

Ved avkøyrslø SKV14 kan det stå oppstamma tre i frisiktsona.

#### 4.4 ANNAN VEGGRUNN – TEKNISKE ANLEGG o\_SVT

Området skal nyttast til grøft, mur, skjering/fylling.

Opparbeiding skal fullførast samstundes med resten av veganlegget.

#### 4.5 ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL o\_SVG

Området skal nyttast til grøft, mur, skjering/ fylling, rabattar og anna sideareal.

Inngrepa skal utførast slik at minst mogeleg skade vert gjort på terrenget.

Områda skal opparbeidast/ tilplantast. Det kan innanfor området byggjast buss-skur knytt til haldeplassane. Opparbeiding/ tilplanting av sideareal/ rabattar skal fullførast samstundes med resten av veganlegget.

Automatisk freda kulturminne, H730\_1 og H730\_2, skal sikrast med midlertidig gjerde i anleggsperioden for å unngå skade på kulturminnelokalitetane.

Der det vert tilstøytande dyrka areal, skal det leggjast til rette for dyrka areal inn mot kanten av E39 så langt dette ikkje er i strid med krava til samferdsle elles.

Områda kan såleis nyttast til hausting/beiting,

#### 4.6 KOLLEKTIVHALDEPLASS

Områda skal h.v. nyttast til busslommer (o\_SKH1 og o\_SKH3-o\_SKH4) og plattform (o\_SKH2).

#### 4.7 SIKTTILHØVE

Plankartet syner frisiktliner. Mellom frisiktline og køyrebanekant eller gang-/ sykkelvegkant, skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over nivået til dei tilstøytande vegane/ avkøyrsløene.

Kommunen og Statens Vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. I private avkøyrslø m.v. skal det også sikrast gode sikttilhøve.

### 5. LANDBRUKS-NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE (12-5, nr.5)

#### 5.1 LANDBRUKSFORMÅL, LL

Områda er regulerte til landbruk og utgjør deler av tilgrensande landbrukseigedomar. Områda er samstundes regulert til føresegnområde: Rigg/ anleggsområde.

I områda skal også følgjande tiltak kunne gjennomførast:

Generelt skal leiðningsanlegg kunna plasserast i desse områda der det er tenleg.

LL2 skal nyttast til leiðningstrasear mm. for føring av leiðningar ut i vatnet. LL3

skal nyttast til bygging av landbruksveg/ skogsveg som tilknytning til

eksisterande veg. LL4 skal nyttast til oppfylling og planering av terreng for

landbruksdrift. LL5 kan nyttast til føring av leiðningar.

Innafor LL7 og LL6 er det ikkje tillate med tiltak ut over jordbruksdrift. Maks pløyedjupne i områda er 20 cm.

### 6. OMSYNSSONER: (§12-6, jf. §11-8 a- f)

#### 6.1 Sikringssone – frisikt, §11-8, a1)

Mellom frisiktline og køyrebanekant eller gang-/ sykkelvegkant skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over nivået til dei tilstøytande vegane/ avkøyrsløene. Kommunen og Statens Vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

Høgtstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisktsona der dei ikkje er til hinder for sikt.

#### Faresone – skredfare, §11-8. a3)

Det må vurderast og gjennomførast naudsynte tiltak med tanke på tryggleik for anlegga.

#### 6.2 Bevaring kulturmiljø (H570)

H570\_1 og H570\_2 sikrar omsynet til postvegen med ei buffersone på kvar side. Innan omsynssona skal det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller vegetasjon, eller utførast tiltak som kan gjere skade på postvegen, endre karakteren eller skjemma kulturminnet.

I anleggsfasen skal omsynssona H570\_1 og H570\_2 for Den Trondhjemske postveg sikrast med midlertidig anleggsgjerde. Det kan ikkje utførast anleggsarbeid innanfor omsynssona.

Ved kopling mellom nytt samferdselsanlegg (busslomma) innanfor H570\_1 og eksisterande postvegtrasé må det takast omsyn til postvegen, både i samband med utforming, materialbruk og eksisterande vegetasjon. Før tiltak skal det takast kontakt med Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, og Statens vegvesen ved Norsk vegmuseum, for nærare detaljering av omsynet.

#### 6.3 Automatisk freda kulturminne (H730)

Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730), H730\_1 (id:304951) og H730\_2 (id:305090) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8. Maks pløyedjupne er 20 cm. Automatisk freda kulturminne, H730\_1 og H730\_2, skal sikrast med midlertidig gjerde i anleggsperioden for å unngå skade på kulturminnelokalitetane.

#### 6.4 Bevaring naturmiljø (H560).

H560\_1 – 3 sikrar omsynet til store gamle tre langs E39. Innan omsynssona skal trær bevarast av omsyn til det biologiske mangfaldet som dei er levestad for.

Tilrådingar for handtering av trea ligg i Notat: Bevaringstiltak trær Kusslia – Moskog 21.10.24.

Alle tiltak innanfor omsynssona skal planleggast og utførast i samråd med sertifisert arborist.

Før anleggsarbeid innanfor omsynssona skal det bli utarbeidd marksikringsplan basert på berekna omsynssone og kritisk rotsone for kvart tre.

Viss det ikkje er mogleg å prosjektere slik at anleggsarbeid vert halde utanfor kritiske rotsoner, skal det bli utarbeidd tiltaksplan for korleis arbeidet kan utførast. Tiltaksplan skal bli utarbeidd av sertifisert arborist med kompetanse på graving i nærleiken av trær.

Det skal lagast plan for vedlikehald (beskjæring) og periodisk kontroll av trea innanfor omsynssoa.

#### 6.5 Faresone høgspenningsanlegg (H370)

Dette er sikkerheitssone langs eksisterande høgspenningstrase. Innanfor faresona kan det ikkje oppførast bygningar, gjerast graving, utfylling eller andre tiltak utan løyve frå leiingseigar.

### **7. OMRÅDEFØRESEGNER (§12-7)**

#### Anlegg og riggområde

Områda er regulerte til ulike føremål i samsvar med bruken i dag eller planlagd bruk, men kan mellombels nyttast som anleggsområde.

I samband med gjennomføring av planen, kan det i desse områda gjerast masseflytting, transport og andre anleggstiltak.

Inngrepa/ tiltaka skal gjennomførast med varsemd, og områda skal, når anlegga er fullførde, vere attendeførde til tilstanden ved anleggsstart eller tilrettelagde for dei permanente føremål.

#### **Retningsgjevande dokument:**

- Geoteknisk vurderingsrapport og datarapport, E39 Kusslid – Moskog, GS-veg byggeplan, datert 16.10.23
- Geoteknisk datarapport VA-leidning Kusslia – Moskog, datert 15.03.2019
- Notat: Bevaringstiltak trær Kusslia – Moskog 21.10.24.